

## Referat frå foreldremøte 6.- 7. årsteg

### Saksliste

1. Info om organisering av arbeidet med læringsmåla
  - Individuelle læringsmål på «Blinken» og «planen». Måler seg sjølv ut i frå vekemåla på planen på måndag, og på nytt på fredag for å sjå om dei har lært vekemåla.
  - Hovudsak same pensum - matte, KRLE og (engelsk)
  - 3 lærarar og 2 assistentar.
  - Anette - svangerskapspermisjon
  - Sjukemeldingar- Det har vore ein del sjukemeldingar, slik at ein ikkje har fått den stabiliteten i lærargruppa slik som ein hadde ønska.
  
2. Info: mat og helse, gym, lusesjekk, leselekser og samanhengande skrift.

#### Mat og helse:

- Leksa heim? Dersom dei skal ha ulike oppgåver i mat og helse heime, må dei gjerne få litt hjelp heime. Foreldra synes dette er greitt.
- Forkle, husk på torsdagar!
- Hår i strikk
- Matstova ein torsdag i mnd ca. Oppstart etter haustferien ein gong.

#### Gym:

- Maria er lærar.
- Dusjing på skulen – Kroppsideal. Viktig at elevane ven seg til å dusja i lag med andre.
- Sko og gymklede. Fint om alle har sko med seg!
- Sykkeltur neste onsdag. Turen går til Roparhaugsamlinga (museum) på Fammestad.

#### Lusesjekk

- Kvar fredag
- Sjå eige skriv

## **Leselekser**

- La elevane lesa for dykk. Lesing er det viktigaste reiskapen ein har for å tileigna seg kunnskap. Ein treng å øva for å bli ein god lesar.
- Forskjellen på å lesa skjønnlitterære tekstar og faktatekstar.

## **Samanhengande skrift og Touch**

- Samanhengande skrift
- Ekspimentera med utvikling av eiga handskrift er greitt. Men dei må også fortsetta å bruka den samanhengande skrifta.
- Touch på skulen. Viktig å læra inn touchmetoden tidleg for vidare bruk i skule/studie.
- Teknikkar for å hurtigare skriving

## **3. Rutinar for meldingar og eventuelle fritak frå undervisning.**

- fritak stramma inn
- 3 dagar eller meir –søknad. Søknadsskjema på nettsida til Myking skule.
- Fritak på 1-2 dagar-kontakt lærar, elelr meldingsbok (treng ikkje søkja på skjema). Grunngjeving.

## **4. Timeplan, vekeplan og vekerutinar**

- Timeplanen endra ein del gonger. Små justeringar.
- Vekeplan/lekseplane: Mål, skullearbeid, lekser, beskjeder til heimar og elevane + tilbakemelding.
- Starte veka med «Blink» - Eigen vurdering på vekemåla som ein skal ha den veka.
- Plantimar måndag, tysdag og onsdag
- Diskusjon: Utforming av planen, og måten ein legg opp leksene på (lekser frå dag til dag vs. å organisere leksene sine sjølv gjennom veka). Planen blir som før, Annikken vurderer om ekstraarbeidet bak på planen skal takast vekk, då mange ikkje rekk å starte på dette arbeidet grunna færre plantimar. Dette på grunn av tre timar med mat og helse.
- Vekeslutt : «Blinken» - vurderer grad av måloppnåing, «Målsjekken». Arbeidet dei er mest fornøgd med
- Måndagen: Arbeid i vurderingspermen.

## 5. Årsplan

- Merk: 23. september – K og H-Sykkeltur til Roparhaugsamlingane
- 25. sept – Morgonsamling 6. og 7. Kl. 9.25
- 25. sept: Første utstillingsdagen av ullbyen i Knarvik senter. Elevane har laga mange fine ting i ull/nålefiting til utstillinga.
- Veke 40- Prosjekt veke- Olav den Heilage 1000år. Bl.a tur til vikinggården på Seim.
- 30. sept – Fair play-fotball på Lindås med Skodvin og Lindås.
- Veke 41- Haustferie

## 6. Føresette si tid

**Om mobilbruk.** Det skal søkast til rektor dersom eleven skal ha med seg mobil på skulen!! Det er ikkje ønskeleg at elevane skal bruka mobil på skulen og heller ikkje på skulebussen! Dette fordi skulen har erfart at det har oppstått ein del episodar med uheldig mobilbruk på bussen. Me ønskjer at elevane skal snakka med kvarandre på bussen, i staden for å spele på telefon.

**Felles føringer:** Leggetid, mobilbruk m.m

**Sosiale tiltak for klassen i regi av foreldre?**

**Samtale om leggetid. Samtale om sosial aktivitet: Forslag:**

- spelekveld på skulen
- overnatting på søsterhjemshytta mellom Fjellsende/Vabø (plass til 8 elevar, kan bli trangt med 14 elevar)
- overnatting på Bjørn west hytta (mulig at den ikkje er ferdig bygd enno?)
- klassefest med mat og diskotek
- lesevake (m/Annikken) + overnatting

Referent: Anne

